

Arrestert i New York

Ina, Sam og onkel Ola sit i tidsmaskinen med hendene i vêret.

Året er 1912. Staden er New York.

«Vi har ikkje gjort noko gale,» seier Ina på engelsk.

«Det er ulovleg å parkere her med eit slikt mistenkjeleg køyretøy,» seier den eine politimannen.

«De er arresterte,» seier den andre.

Ina kviskrar til Sam at han skal trykkje på nødknappen.

Sam stuper mot dashbordet og trykkjer.

Tidsmaskinen tek til å riste.

Politimennene ser vettskremde ut.

Alle i tidsmaskinen blir slengde rundt omkring.

Så sovnar dei.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 199.

Gjer oppgåvene 2d, 3 og 4.